

Bøelva




Turområdet omfattar elvestrekninga frå Oterholtbrua til Gårabru. Her er det merka stiar på begge sider av elva. Turområdet er lett å nå til fots, med sykkel eller buss. For dei som vil bruke bil, er det parkeringsplassar både ved Oterholtbrua, Folkestadbrua og Gårabru.

Saman med Juvsåa og Hellebekk, gir Bøelva liv og variasjon i landskapet. Vi kan oppleve fossar og stryk med små hølar innimellom. Landskapet er skogkledd, men tidlegare var det beitemarker og husmannsplassar langs store deler av elva. Kulturminne finn vi i heile området, mange er knytt til vassdraga og verksemdene der.

FRILUFTSLIV LANGS ELVA

Turområdet har gode vilkår for friluftsliv og naturopplevingar for barn, ungdom, familiar og eldre. Området ligg godt til rette for ulike aktivitetar som fotturar, skiturar, sykling, bading, fiskeing og elvepadling. Ved fossar og hølar er det fine svaberg der ein kan raste.



Stinettet til turlaget følger grusa skogsvegar, gamle bygdevegar og andre vegfar frå tidlegare tider, men det er også rydda nye stiar gjennom skogen. På nordaustsida av elva følgjer hovudstien grusa vegar og høver godt for sykling om sommaren og skigåing på snøføre.

Det er fleire gamle badeplassar langs Bøelva som framleis kan nyttast av dei som har lyst på ein dukkert i den varmaste sommarta. Dei mest bruka badeplassane er avmerkte på kartet.



Frå Haugesagfossen og nedover blir elva nytta til elvepadling. Fossar og stryk gir spennande utfordringar for dei som ønskjer å prøve seg.



Bøelva har gjennom alle tider vore ei god fiskeelv. Det er auro som er det vanlegaste fiskeslaget på denne strekninga. I dei seinare åra er det sett ut laksesmolt. Nokon stor laksefangst bør ein ikkje rekne med, men sjansen er der. Fiskekort for Bøelva gjeld frå Seljordsvatn til Norsjø og kan kjøpast på campingplassar og i sportsforretningar i Bø.

BØ MUSEUM

Bø museum ligg ved Oterholt. Ein tur langs Bøelva kan kombinerast med eit besøk på museet og på Kvennøya med Kvennøyplassen, som i dag er ein del av museumsområdet. Museet driv ei aktiv formidlingsverksemd med utstillingar, kulturarrangement, foredragskveldar og rusleturar i kulturlandskapet.

KULTURSTI

Natur- og kulturstien frå Oterholt til Hellos er blitt til gjennom eit samarbeid mellom Bø Turlag og museet. Frå stien kan du oppleve eit variert og frodig landskap med skog og vakker elvenatur. Her ligg Oterholtfoss, Hauge-sagfoss og Berghølfoss med stryk og hølar innimellom. Fine raste- og badeplassar er lett å finne. Tretten informasjonstavler fortel om husmannsplassar, ferdselsårer, skogbruk, fløyting, sager, kverner, stamper og gravfelt frå jernalderen.

FOLKESTI

Folkestien til helselaga i Bø finn vi på strekninga mellom Folkestadbrua og Gårabru. På austsida av elva følgjer stien ein skogsbilveg, på vestsida ein skogsti. Gårabru, Vaskarbergja og Sandavadet er gamle badeplassar. Langs stien finn du tavler med omtale av nokre vanlege dyre-, fugle- og planteartar i området. Siktemålet med stien er å motivere folk i alle aldrar til å mosjonere for helse og trivsel.

FUGLE- OG DYRELIV

Elv og skog gir gode og varierte forhold for eit rikt dyre- og fugleliv. Rådyret likar seg i dei bratte liene med frodig vegetasjon. Langs elva trivst beveren. Av fuglar vil ein ofte sjå og høre strandsnipe. Den meir sjeldne vintererla hekkar truleg her kvart år. Fossekallen, som er nasjonalfuglen vår, finn vi i elveløpet året rundt. I lauvskogen finn vi songarar som lauvsongar, hagesongar og munk.

